



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.: 201203909-/LIT

Vår dato: 30.10.2012

Vår ref.: 2012/10270

Arkivnr.: 734.3

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 56 88 11

E: postmottak@fmro.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Høyring om forslag til endringar i psykisk helsevernlova. Høyringsuttale frå Fylkesmannen i Rogaland.

Vi viser til brev frå departementet datert 11.10.2012 som omhandlar forslag til endringar i psykisk helsevernlova: *varsling av fornærmede og etterlatte ved endringer i gjennomføring og opphør av dom på overføring til tvungent psykisk helsevern, adgang til nattelåsing av pasientrom mv.*

For enkelte pasientar som er kronisk farlege, vil tiltak som blir sett i verk etter vedtak etter den nye § 4A-6 a *Nattelåsing av pasientrom*, lett kunne bli brukt for ofte og for lenge fordi lovforslaget ikkje viser klart kor lenge eit enkeltvedtak om nattelåsing skal gjelde. Vi fryktar slike tiltak vil gripe om seg og bli ein del av den faste rutinen på eininga.

For å sikre at pasientens rettstryggleik blir tatt vare på, bør departementet anten i lovtekst eller i ei forskrift legge føringar for tidsavgrensing for slike vedtak, det vil seie kor lenge det kan gå før pasienten sin situasjon seinast skal bli vurdert på nytt.

Med helsing

Pål Iden
avdelingsdirektør/fylkeslege

Morten Hellang
ass. fylkeslege

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Morten Hellang
Juridiske vurderingar: Paul Grude